

Leilighetene oppå SPAR ferdige

15.10.2008



Slik er utsikten mot Stølavikja og Flatholm fra leilighetene som vender den vegen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Leilighetene til Nilsen Eigedom oppå butikken er no ferdige og innflyttingsklare og marknadsføringa vil dermed starta for alvor. Det skjer med visning sundag ettermiddag, fortel dagleg leiar Bente Nilsen til uskedalen.no



Eit av bada i leilighetskomplekset oppå SPAR. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Førebels er berre ein av dei fem leilighetene utleigd.

- Vi meiner å ha gode kort på handa. Leilighetene er store og rommelege og har høg standard og dei kan jo ikkje liggja meir sentralt i Uskedalen, seier Bente.

Eigentleg var det ikkje planlagt visning, men det er viktig at interesserte får sjå dei.

Hvis ikkje leilighetene er utleigd etter eitpar månader, vil ein vurdera sal.

- Kva med prisen?

- Dei største på 110 kvadratmeter blir utleigd for 9.000 kroner i månaden medan prisen for dei på 85 kvadratmeter er 7.500.

For alle kjem ein stor hems i tillegg.

Av Ola Matti Mathisen



Gløtt gjennom ein av de mindre leilighetene. (Foto: Ola Matti Mathisen)